



Arkiv nr:

Sak nr 17/2015

Møtedato: 15.5.15


Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

## S691, Jaslangen – søknad om nytt sel, flytting av uthus og grensjustering for S690/691

Knut Berge har den om å få rive eksisterande sel og erstatta det med eit gamal hus som står i Mørken. I følgje stølsregistret er det gamle selet 37 m<sup>2</sup> og i følgje teikningane er det nye er 74 m<sup>2</sup> (BYA). På stølen står det også to småhus som bygd saman med ein svalgang. Berge ynskjer å ta vare på den eldste delen og rive den andre. For å ta ei betre utnytting av jordet, ønskjer søkjar å plassere det nye selet og det vesle uthuset litt nærare vegen.

Markering på kommunekartet stemmer ikkje med slik det er inngjerda og det blir søkt om at stølsutvising blir justert i samsvar med inngjerdinga. Søkjar opplyser at inngjerdinga har vore slik over lang tid.



Stølen blir brukt til beite. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 24.4.15:

*Viser til oversendt søknad fra Knut Berge angående riving og oppsetting av sel, endring av lite tømmerhus og bevaring av eksisterende gjerde.*

*Det søkes om å få rive dagens sel, i og med at bygningen er i så dårlig tilstand at restaurering vil være meningsløst. Bygningen som er tenkt som fremtidig sel vil være av tilnærmet samme størrelse, men settes opp noe nærmere veien slik at jordet kan utnyttes bedre. Setra er i bruk og Statskog har ingen innvendinger til tiltaket. Det forutsettes at det nye selet tilpasses området byggeskikk.*

*Det søkes også om å ta ned halvparten av en gammel tømmerbygning, samt flytte og ta vare på den andre halvparten. Det er også her snakk om å flytte noe nærmere veien slik at jordet kan utnyttes bedre. Statskog ser positivt på at bygningshistorien ivaretas, og har ingen innvendinger til tiltaket.*

*Til sist søkes det om å få beholde gjerdet slik det står i dag, selv om det ikke samsvarer med de grensene for fnr 691 som ligger i matrikkel. Det fremkommer av vårt arkiv at fjellstyret godkjente en grensejustering i møte 27.6.1994. Det kan se ut til at denne justeringen omtrent er i samsvar med dagens gjerdesituasjon, og vi har lagt dette til grunn i vår ovenstående vurdering av bygningsflytting. Dersom fjellstyret ikke har innvendinger til dagens gjerde, gir Statskog samtykke til at det kan stå. Grensejustering fra 1994 vil tas inn som et tema i Statskogs matrikkelprosjekt, slik at grensene for det utviste areal eventuelt kan matrikkelføres og bringes i samsvar med virkeligheten.*

Eksisterande sel på 37 m<sup>2</sup> og er etter dagen standard svært lite. Utviding av arealet til 74 m<sup>2</sup> er ein normal storleik for eit sel som skal brukast av ein familie. Statskog har ingen merknader til utviding av arealet når det er behov for det i drifta. Utviding av arealet bør derfor vera ei kurant sak å få godkjent. Oppland fylkeskommune har så langt ikkje gjeve uttale til søknaden, men har 5.juni bedt om meir opplysningar. Fjellstyret har bedt stølsbrukar orientere nærare. Fylkeskommunen fekk oversendt saka den 22. april og har

hatt god tid på å behandle søknaden. Om vi ikkje får svar innan møtet, bør fjellstyret uansett behandle søknaden. Fjellstyret skal likevel etter §10 gjera ei vurdering av utforming og ev. stille vilkår. I likande saker har fylkeskommunen uttala at utforming av bygningen er viktig for tilpassing til stølsmiljøet. Huset bør ha materialbruk, takvinkel, form, fargebruk og detaljering som harmonerer med dei andre bygningane. Vindauga bør vera tradisjonelle, sidehengsla med gjennomgåande sprosser. Fjellstyret bør råda søkjar til å følgje generell tilråding frå fylkeskommunen.

Mindre grensejusteringar vart godkjent også i sak 30 og 32 i 1994, men er ikkje kome inn ved korrigering av kartverket/matrikkelen. Fjellstyret treng derfor ikkje å vedtaka dette på nytt, men administrasjon vil gi kommunen beskjed om å endre grenser for stølsutmålingane i samsvar med inngjerding.

Oppland fylkeskommune har den 11. juni gjeve følgjande uttale:

*Kulturarvenheten har ingen innvendinger mot at selet rives og erstattes av den planlagte bygningen slik som beskrevet. Det bør påses at bygningen blir gjenoppført mest mulig i sin opprinnelige stil, og gjerne med tilpasninger til stølsmiljøet på stedet.*

*Kulturarvenheten ser nytteverdien i at bygningene på stølen flyttes slik at innmarka kan bli bedre utnyttta, og har ingen innvendinger til dette. Strukturen i tunet opprettholdes i hovedtrekk siden begge bygningene flyttes.*

*All riving, demontering og gjenreising bør skje varsomt slik at verdifulle spor, materialer og detaljer tas vare på og kan gjenbrukes.*

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Fjellstyret godkjenner også at sel og den eldste delen av uthuset blir flytta nærare vegen.

Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande sel blir fjerna når det nye selet kan takst i bruk og seinast 3 år frå godkjenning. Fjellstyret ber søkjar om å følgje tilråding frå Oppland fylkeskommune.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Fjellstyret godkjenner også at sel og den eldste delen av uthuset blir flytta nærare vegen.

Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande sel blir fjerna når det nye selet kan takst i bruk og seinast 3 år frå godkjenning. Fjellstyret ber søkjar om å følgje tilråding frå Oppland fylkeskommune.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.15

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Knut Berge  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskomme